

HÅLØYGMINNE

— Skriftstyrar: Hans Eidnes —
Utgjeve av Hålogaland Historielag.
Hefte 3-4 1923. Årspengar 5 kr. 4. årgang.

Håløygske ættesogur.

Av Halvdan Koht.

Ein ung Oslo gut som visst aldri har vore nordafjells, har nyleg gjeve oss eit viktig! tilskot til den håløygske kulturhistoria. Det er *Toralf Berntsen* i boka „Fra sagn til saga” (1923).

Det som har vore formåle med ettergranskinga i denne boka, det er å finne fram den heimenorske tradisjonen som har vore med og gjeve grunnlag til kongesogune. Og det har lukkas for Berntsen å ettervise ei heil rekke med sogur som ein gong må ha vore uppskrivne i Noreg, og som vi no berre ser far etter i dei islendske soguverka. Eit par av dei var nok kjent frå fyrr; men Berntsen har fått dei og i nytt ljós, og det er liksom heile den heimenorske soguskrivinga blir ny for oss i boka hans. Vi har vore ymse norske granskurar som har arbeidd med å drage fram den parten nordmennene her heime har havt i den norrøne soguskrivinga, og det er slett ikkje so lite som soleis etter kvart har kome i dagen.

Vi eig endå to latinske Noregs-historier, både to utvilsamt skrivne i Noreg, — den eine namnlaus frå kringom 1170, den andre av munken Theodoricus i Trondheimen frå kringom 1180. Og so har vi frå 1190-åra på norsk mål den kongesoga som ein brukar kalle Ågrip. Men desse verka bygger — det har Berntsen fyrst peikt på — på eit noko eldre verk om dei upplandske kongane, — eg skulde helst tru det har teke til alt med dei gamle Yngling-kongane, og so har det nådd fram til Olav Trygveson eller kanskje noko lenger. Omlag likso gamal, frå 1160-åra, må ho ha

vore den soga som Berntsen meiner har vore sett i hop i Trondheimen om kristningsverke til St. Olav. Noko seinare, kanskje først etter 1200, har dei i Trondheimen skrive upp soga om lad-jarlane; Berntsen har ettervist at den serleg har samla seg om Eirik jarl. Samstundes har dei, like eins i Trondheimen, skrive upp ymse bolkar av soga om kong Sverre.

Soleis har vi vitnemål om eit reit rikt litterært liv i Noreg, mest i Trondheimen, frå 1160 fram til noko etter 1200. Her er mykje av grunnlage lagt til den islandske soguskrivinga. Men endå er dette ikkje alt. Det som er det mest sermerkte for den islandske bokheimen, ættesogune, det har ein fyrr ikkje funne nokon ting av i Noreg. Men no kom Knut Liestøl i 1922 med ei bok som han beint fram kalla "Norske ættesogor"; han etterviste slike sogur frå nytida frå Agder og Telemark. Og Berntsen dreg fram norske ættesogur frå gamletida.

På ei vis kann ein segje det er ættesogur, både kongesogune og Ladjarls-sogune. Men i minsto i kongesogune kjem det inn altfor mykje av tanken på rike og kongedøme; det blir ikkje mannen først og fremst som all tanken må samle seg om. Og kongesoga sluttar liksom aldri; ho held på so lenge ætta lever, og soleis blir ho på den andre kanten mest for mykje av ættesoge. Det som sermerker den islandske ættesoga, det er at ho er eit samstøypt kunstverk med naturleg innleitung, stiging og slutt. Ho skildrar voksteren i ei ått fram til den store ætte-representanten, og når han går under, sluttar soga. I røynda blir det då ikkje ætta, men den eine mannen som soga vil skildre, og namne "ættesoge" er i grunnen slett ikkje so sers høveleg, — ein fær likevel nytte det so lenge ein ikkje har funne noko betre. Ladjarls-soga blir ei ekte ættesoge i denne meiningsa, når ein tenker seg ho slik som Berntsen vil,—at ho toppar seg til i Forteljinga om Eirik jarl. Og so viser Berntsen oss to norske ættesogur til, — det merkelege er at dei båe to er ifrå Hålogaland: ei om Hårek på Tjøtta, og ei om Tore Hund på Bjarkøy.

Når Berntsen skal bygge upp desse ættesogune, går

han fram på den måten at han fyrst skil ut or kongesogune alt det som kaun eller må ha si rot i islandsk tradisjon eller bokarbeid. Resten må da skriva seg ifrå Noreg. Og so syner det seg at ein da fær heile sugu-ringar som heng framifrå godt i hop. Dei har vorte sundskorne og so fellt inn i kongesogune; men dei lät seg löyse ut att og sette i hop på nytt, og då fær vi ættesoga grei og heil.

Sjå no her beingrinda i soga om Hårek på Tjøtta:

Ætta har upphave sitt i giftarmåle mellom nordfjordingen Øyvind Lambe frå Berle og Sigrid Sigurdsdotter på Sandnes på Alsen. Son deiras heitte Finn Skjalge, og han vart gift med Gunnhild, dotter til Halvdan jarl og dotterdotter til kong Harald Hårfagre. Dei hadde sonen Øyvind Skaldaspille, og han var far til Hårek på Tjøtta.

Det hadde vore rikdom nok i ætta fyrr; ættmora Sigrid åtte både Sandnes og Torge. Men den store skalden Øyvind greidde ikkje halde fast på alt dette, anten det no var for di det vart for mykje uår, eller det var for di han raka i strid med kongane, Gunnhildsønene. Hårek var den fyrste som sette bu på Tjøtta, og der fekk han etter kvart slege under seg alle bondegardane, so han til slutt åtte heile øya. — han vart den rikaste hovdingen på Helgeland.

Det var under kong Olav Trygveson at Hårek for alvor slo seg fram til makt. Frå fyrsten stod han imot kongen; då kong Olav fyrst vilde fare nord på Hålogaland, måtte han snu for di håløygene hadde samla hær imot han under Hårek, Tore Hjort frå Vågan, og Øyvind Kinnriva. Men so vart han med svik fort i henderne på kong Olav av to håløyger, Sigurd og Hauk, som sjølve fyrst hadde vore fangar hos kongen, - heile tilgangen med dette er svært levande fortalt. Hårek gjorde no plent som Sigurd og Hauk: han less som han ikkje vilde la seg kristne, og so fekk han likevel sleppa heim. Men då fekk han sjølv med svik Øyvind Kinnriva i henderne på kongen, og Øyvind vart pint i hel for di han ikkje vilde ta dåpen, — han var ei ånd som finnane hadde trolla i menneskeskap. Etterpå, kom kong Olav til Tjøtta, og da vart Hårek døypt og samstundes sett til lendmann på Hålogaland. So siglde kon-

gen lenger nord og fekk drepe først Tore Hjort og sidan den store trollmannen Raud den Ramme på Rødøy i Salten; her er på nytt framifrå levande forteljing, og soga sjølv nemner at her kunde ha vore endå meir å fortelje, — det har vel stått i den serlege Håreks-soga.

Under kong Olav Haraldson dukkar Hårek upp på nytt; men no finn vi han i tevling med ein annan hovding der på Hålogaland, Åsmund Grankjellsson. Grankjell heldt fint gjestebod for kong Olav, liksom Hårek hadde gjort, og Åsmund vart hirdmann hos kongen, — han var den tridje-beste itrottsmannen i Noreg, næst etter Håkon Adalsteinsfostre og Olav Trygveson. Hårek hadde først vorte lendmann for Olav Haraldsson og yver heile Hålogaland; men sidan gjorde kongen Åsmund til lendmann yver halve fylke, og Hårek bøygde seg, endå han tykte det var hardt. Snart etter vart det strid mellom Åsmund og Hårek om eit vær ut i have, eggvær og fiskvær, og Åsmund tok seg til rettes med makt, — Hårek less på nytt som han bøygde seg godviljagt. Men sidan brente han Grankjell inne på garden hans. Då var det just ute med makta til kong Olav, og Hårek baud ikkje bot for dette verke. Men då Magnus den Gode hadde fått kongedøme, og Hårek kom og vilde ha forlik med han, då vart han drepen av Åsmund Grankjellsson med sjølve kongssøksa. So vart Åsmund kongeleg lendmann på Hålogaland, og — segjer Snorre — „der er mange store fråsegner om hopehave mellom Åsmund og Hårekssonene”.

Her er då til slutt beint fram vist til ei soga om Tjøttakarane, og det er tydeleg nok at vi her i kongesogune har bitane av denne soga. Det er Hårek som er hovudmannen, og han er skildra fylgjerett og levande, — stri og storbœn, men altid ful nok til å göyme hat og harm i bringa, ein mann som alltid veit å bie på si lid, men som då slær nåde-laust til. Heile striden mellom Hårek og Åsmund kjenner vi berre frå Snorre, og Snorre hadde aldri vore på Hålogaland; men soga er so heimekjent her, so det er utvilsamt at ho må være sett i hop i sjølve Hålogaland, — både etter emne og etter uppskrift har vi då ei ekte håløygsk ætte-soga fyre oss.

Den andre håløygsoga, den om *Tore Hund*, har vi ikkje so heil, so det kann være meir tvilsmål med korleis den har set ut. Serleg torer vi ikkje segje noko visst om anten forteljinga om Asbjørn Selsbane har hørt med i denne soga eller ikkje.

Ætta høyrde heime på Bjarkøy og på Trondnes. Den fyrste som er namngjeven i ho, heitte Tore; han hadde sönene Sigurd på Trondnes og Tore Hund på Bjarkøy, og so dottera Sigrid. Ho vart gift med hovdingen Olve på Egg i Inntrøndelag, og etter han var drepen, vart ho gift med Kalv Arneson. Med Olve hadde ho sonene Grjotgard og Tore, og namne Grjotgard er so sjeldsynt so det gjev god grunn til den gissinga at anten Olve eller Sigrid har vore i skyld med Ladjarls-ætta. Sigurd på Trondnes gifte seg med Sigrid, syster til Erling Skjalgsson på Sola, og deiras son var Asbjørn Selsbane.

Forteljinga om denne Asbjørn og drape hans på Tore Sel fins i islendsk tradisjon. Det som tydeleg er norsk, nærmere sagt håløygsk, tradisjon, det er forteljinga om korleis Asbjørn vart drepen. Når Snorre her fører inn Åsmund Grankjellsson og læt han være drapsmannen, so er det kanskje berre konstruksjon av Snorre, sidan han visste frå Hårekssoga at Åsmund hadde vorte lendmann der nord. For når so Tore Hund skal hemne brorson sin, er det aldri meir spørsmål om Åsmund. Her er elles dessutan eit ætteband mellom Hårek på Tjøtta, fienden til Åsmund og Tore Hund; for medan Sigrid, syster til Tore, er gift med Kalv Arneson, so er Hårek gift med Ragnhild, ei syster til Kalv. Men soga gjor ikkje noko bruk av denne skyldskapen, og dette er eit av vitnemåla for at Håreks-soga og Tore Hunds-soga har vore to reint serskilde sogur. Det er heller ikkje godt rom for Åsmund Grankjellsson i nordhalva av Hålogaland; for der var Tore Hund kongeleg lendmann, — Snorre har ikkje rett fått det til å forlike dei to sogune.

Det er bygdestrid som er innhalde i Tore Hunds-soga, likso vel som i Håreks-soga. Liksom den ættstore Hårek må tevla med dei rike bønderne Grankjell og Asmund, soleis får Tore Hund strid med dei to bondesønene Gunn-

stein og Karle på Langøy, Vesterålen. Det var Karle som vart rekna for rette banemanuen til Asbjørn Sigurdsson, og det var han Tore Hund vilde ta hemn på. Men Tore dulde tankane sine, og han slo lag med Karle og Gunnstein på ferd til Bjarmeland. Forteljinga om denne Bjarmelands-ferda gjev meir upplysning om siglinga nordanom Finnmarka, enn noko anna ferdaskildring vi har, og vi ser alt so levande for oss som om vi sjølv skulde vore med. På denne ferda er det at Tore Hund fær høve til å drepe Karle.

Gunnstein slapp unda, og han fekk hjelp hos kong Olav Haraldsson. Finn Arneson kom nordpå i ombode til kongen; han heldt ting i Vågan og nøydde Tore Hund til å legge bot. Men soga syner her tydeleg samhug med Tore Hund, endå han var fienden til den kongen soga vil fortelje om, — forteljinga har frå fyrsten ikkje høyrt til i Olavs-soga, men er skøytt inn ifrå den håløygske soga. Det er ei morosam forteljing om korleis Tore Hund narrar Finn Arneson og til slutt kjem seg unda med mindre enn halvbetalt bot.

Tore Hund var velkjent i islandsk tradisjon og; men der var samanhengen reint annleis. Der var det slik at Tore drap folk for kong Olav til hemn for at kongen hadde drepe systerson hans, ein av sønene til Sigrid og Olve på Egg, og so måtte Tore rome utlæg til Finnmark, der han heldt seg i to år. Dette er noko heilt anna enn den Bjarmelands-ferda som den håløygske soga fortel om. Og vi må då tru at det har funnes slik ei serskild håløygsk soge om Tore Hund.

Det er ovleg merkeleg, Dette, at ein soleis kann ettervise gamle ættesogur i Noreg, bæe to i minsto uppskrivne fyre 1220 då Snorre Sturlason var her i lande. Og når vi då veit at det var mange andre stor-ætter i Noreg enn dei nord i Hålogaland, då kjem vi uvilkårleg til å spørje om det ikkje skulde ha funnes ættesogur frå andre kantar av lande og. Kvifor har det t. eks. ikkje vore sogur om Erling Skjalgsson og Sola-ætta? om Aurlands-ætta i Sogn? eller om ei av ættene uppi Gudbrandsdalen? Sjølv sagt torer vi ikkje segje beint fram nei: det har aldri vore sogur om desse andre ættene. Men vi ser i minsto ikkje far etter

slike sogur. Og eg trur det er råd til å peike på ein grunn til at dei ikkje kom i stand.

Den store sogetida i Noreg er tidbolken mellom 1160 og 1220. Det som sermerker denne tidbolken i norsk historie, er på den eine sida den sterke framvoksteren for kyrkjeskipnad og kyrkjeliv og på den andre sida den harde brytinga mellom kongedøme og den gamle lendmannsklassa. Både det eine og det andre gav vilkår for og tilstøyt til historieskriving; kyrkja gav turvande upplysning og bokleg hug, samfundsstriden vekte spørsmål om maktene i rike, både kongedøme og stor-ættene. Men denne same striden gjorde samstundes ende på dei aller fleste av dei gamle ættene; dei døydde ut, den eine etter den andre, og nye ætter kom i staden. Då vart det få eller ingen tilbake til å gøyme ætte-tradisjonane, og dei vart ikkje uppskrivne.

Tjøtta-ætta kjenner vi lite til, etter Hårek var drepen. Under Harald Hardråde møter vi Hårekssønene Einar Fluga og Finn, og Einar høyrer vi var lendmann der nord, ein hard og sløg kar liksom faren. Etter Finn veit vi om ein son som heitte Håkon. Men so blir ætta burte. I 1198 høyrer vi om ein Erling på Tjøtta som var med baglane; men vi kann ikkje vete om han høyrde til den gamle ætta. Etter namne skulde ein heller tru at han var av Bjarkøy-ætta, — det var den som sidan kom til å sitte med Tjøtta-godse. Det var skyldskap mellom Bjarkøy-ætta og Tjøtta-folke i minsto frå 11te hundraåre; under Harald Hardråde høyrer vi om ein Torstein av Bjarkøy-ætta, frende til Tore Hund, og han var i skyld med ein som heitte Hårek, visseleg ein yngre mann av Tjøtta folke.

Bjarkøy ætta heldt seg betre. Visseleg døydde ho tidleg ut i mannslina; son til Tore Hund, Sigurd på Bjarkøy, gift med ei islendsk hovdingdotter, let berre etter seg ei dotter, Rannveig. Ho vart gift med Jon Arneson, dotterson til Erling Skjalgsson, brorson til Finn og Kalv Arncsøner, og systerson til den gamle husfrua på Tjøtta. Jon fekk då Bjarkøy, og han og Rannveig fekk sonene Vidkunn, Sigurd Hund og Erling. Det var Vidkunn som vart sittande på Bjarkøy og han vart ein mektig mann; han levde til kringom

1140. Etter han kom sonen Erling, og so Vidkunn Erlingsson. Men då Vidkunn vart drepen i 1183, var det på nytt ute med Bjarkøy-ætta i mannslina. Ætta vart halden uppe av Ragna, syster til Vidkunn, gift med Bjarne Mårdsson og ho vart endå lenge værande ei av dei største ættene i lande. Vi kann då nok skjonne at tradisjonen i denne ætta kunde kome til å bli uppskriven, og det er tenkeleg at det er gjennom denne ætta vi har fått Tjøtta-soga òg.

Men elles har inga ættesogur nådd fram til oss, og det er truleg nok at inga andre har vore uppskrivne. Bjarkøy-ætta blir då ikkje berre ei mektig stor-ætt i det norske rike; men ho har hjelpt til med viktig kulturgjerning i lande, — det er frå Bjarkøy og Tjøtta vi har dei einaste norske ættesogune omfram konge- og jarlesogur.